Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 19.10.2026
Vår ref: 2026/8436
Dykkar dato:
Dykkar ref:

BREMANGER KOMMUNE TEKNISK
Postboks 104
6721 SVELGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ingrid Torsnes, 5557 2320

Vedtak om løyve til avslutning og etterdrift av Trongesundet deponi

Vi viser til søknad datert 16. juni 2026.

1 Vedtak

Statsforvaltaren gir Bremanger kommune løyve til avslutning og etterdrift av Trongesundet deponi. Løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt.

Løyvet gjeld frå 19.10.2026.

Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. § 16.

Bremanger kommune skal betale eit gebyr for Statsforvaltarens saksbehandling. Gebyret er sett til 47 300 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

1.1 Fristar

Innan 1. juni 2029 skal Bremanger kommune:

- sende ein vurdering til Statsforvaltaren om det skal setjast i verk ytterlegare reinsing av sigevatnet før utslepp til fjorden.

Sjå også løyvet.

2 Kort om bakgrunnen for saken

Trongesundet deponi var eit kommunalt deponi som vart avslutta for om lag 30 år sidan. Det er utført miljøtekniske undersøkingar som viser at sigevatnet har svært dårleg tilstand når det gjeld metall, PAH og PCB (tilstandsklasse 5), og sedimentprøver i nærliggande sjøområde viser tilstandsklasse 5 for kopar, sink og kvikksølv.

Bremanger kommune søkjer no om avslutning og etterdrift av deponiet. For å redusere utsleppa skal det etablerast eit tett toppdekke og overvassystem for å redusere vassinntrenging i deponiet.

Det skal setjast ned ein slamavskiljar som skal fungere som eit enkelt reinseanlegg. Utsleppspunktet skal flyttast lenger ut i sundet på meir enn 25 meters djupne.

2.1 Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova
Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi legge vekt på ulempene ved tiltaket som er knytt til forureining samanlikna med fordelar og ulemper tiltaket elles medføre, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på kva grad verksemda det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i forureiningslova §§ 1 og 2.

Naturmangfaldlova
Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren tek avgjerder kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta
Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i forskrifta § 9 eller § 10.

Avfallsforskrifta
Avfallsforskrifta har reglar for å førebyggje og redusere miljøproblem frå fleire avfallstypar og avfallsanlegg som vi må ta omsyn til når vi gjev løyve. Mellom anna er deponering av avfall regulert i kapittel 9, og handtering av farleg avfall regulert i kapittel 11.

Nasjonalt prioriterte stoff
Statsforvaltaren har eit mål om at utslepp av nasjonalt prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte slik at slike utslepp på sikt blir stansa.

3 Statsforvaltarens vurdering

3.1 Grunngjeving for vedtaket

Statsforvaltaren gir løyve til avslutning og etterdrift av Trongesundet deponi på bakgrunn av søknad av 16. juni 2026. Trongesundet deponi er dekka til, men overflatevatn renn inn i deponiet og fører til forureina sigevatn og sediment i Trongesundet.

Bremanger kommune har fått utført kartlegging av miljøtilstanden. Det er søkt om tiltak på deponiet slik at det blir avslutta på ein måte som reduserer forureining. Tildekking med tett membran og etablering av overvassystem kan redusere vasstilførselen til deponiet med om lag 90 %. Dette vil gi ein betydeleg reduksjon i produksjon og utslepp av deponisigevatn.

Bremanger kommune er ansvarleg for oppfølging av krava i løyvet og for oppfølging av forureining frå området. Den ansvarlege kan leige inn andre (personar eller firma) til praktiske gjeremål i samband med oppfølging av krav, men er likevel ansvarleg i høve til Statsforvaltaren for oppfølging og rapportering.

Planstatus
Området er regulert i kommuneplanens arealdel med krav om reguleringsplan ved nye tiltak. Bremanger kommune har vurdert at tiltaket gjeld eksisterande kommunalteknisk anlegg, og at avslutning og etterdrift vil vere i samsvar med kommuneplanens arealdel.

Naturmangfaldslova og vassforskrifta
Statsforvaltaren vurderer at vi har tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet i denne saka.

Vi har vurdert saka etter naturmangfaldlova og tatt utgangspunkt i tilgjengeleg informasjon i Naturbasen. Det er registrert ålegras, tareskog og gytefelt for torsk, hyse og sild i sjøområda nær deponiet. Det er også observert dvergdykkar og sjøorre i nærområdet. Utsleppspunktet til sigevatnet skal flyttast lenger ut i sundet og det er opplyst at utsleppspunktet skal veljast etter undersøkingar med ROV for å unngå tareskog og gyteområde. Sidan denne saka gjeld tiltak som vil føre til reduksjon av forureining, så vurderer Statsforvaltaren at endringa ikkje vil ha negativ påverknad på naturmiljøet i nemneverdig grad.

Resipienten for utslepp av sigevatn er vassførekomsten 028200031-C Bremangerpollen som er definert med svært god økologisk tilstand og ikkje definert kjemisk tilstand. Vassførekomsten er stor og deponiet ligg i ytterkanten. Påverknad frå deponiet i resipienten er truleg ikkje kartlagt tidlegare. Målet i vassforskrifta er at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand innan 2027. Sigevassutsleppet vil bli redusert med om lag 90 % etter at avslutningstiltaka er gjennomført. Det er også stilt vilkår om undersøkingar og krav om ytterlegare reinsing dersom det er nødvendig. Statsforvaltaren vurderer at etterdrift av deponiet ikkje vil forringe miljøtistanden eller gjere det vanskelegare å nå miljømåla i vassførekomsten. Bremanger kommune må legge inn resultata frå resipientundersøkingar i databasen Vannmiljø, jf. vilkår 5.8.

Statsforvaltaren har konkludert med at gjennomføring av avslutningstiltak på deponiet er akseptabel sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ein samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanhalde med fordeler og ulemper tiltaket elles vil medføre, gir vi løyve til tiltaket på nærare fastsette vilkår.

3.2 Grunngjeving for utvalde vilkår og krav

3.2.1 Krav til toppdekke (punkt 3.2 i løyvet)
Bruk av massar frå eksisterande topptetting over bentonittmembranen skal vere reine naturlege massar under normverdien i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Massar frå eksisterande topptetting som ikkje tilfredsstiller krav til normverdi kan brukast i avrettingslaget under membranen.

Deponiet er lite og grunt, og det har ikkje vore deponert avfall der dei siste 30 åra. Det er ikkje utført gassmålingar, men det er truleg lite gass att i deponiet. Det er søkt om å etablere to felt utan bentonittmembran som vil fungere som gassdreneringslag. Statsforvaltaren godtar ei slik løysing, og vi har difor ikkje stilt krav til gassoppsamling.

3.2.2 Krav til handtering av overvatn og sigevatn (punkt 3.3, 3.4 og 3.5 i løyvet)
Det er sett krav til at reint overvatn skal skiljast frå sigevatnet. Dette vil føre til ein betydeleg reduksjon av sigevassmenga samlikna med dagens situasjon. Mindre mengder sigevatn vil også vere gunstig for eventuelle krav om meir reinsing på eit seinare tidspunkt.

Sigevatnet skal samlast opp og ledast til slamavskiljar som vil ha ein viss effekt med lufting for utfelling og sedimentasjon. Det er sett krav om prøvetaking av sigevatnet og vurdering om det er nødvendig å etablere ytterlegare reisetiltak, jf. punkt 3.5

3.2.3 Krav til kontroll og overvaking i etterdriftsfasen (punkt 5 i løyvet)

Det er sett krav om at driftsansvarleg skal ha eit kontroll- og overvakingsprogram for deponiets utslepp, påverknad av miljø og viktige driftsparameterar. Resultata frå kontroll og overvaking skal brukast som grunnlag for planar om eventuell oppgradering og utbetring. Viktige driftsparameterar omfattar mellom anna regelmessig kontroll av toppdekke og kvaliteten på overvass- og sigevassystemet. Overvakinga skal avdekke eventuelle lekkasjar av sigevatn eller forureina overvatn til Trongesundet.

Det er utarbeidd eit prøveprogram for sigevatn. Prøvetakingsprogrammet må ved behov oppdaterast og vere i samsvar med den nye rettleiaren frå Miljødirektoratet (*Håndtere sigevann fra deponi sist oppdatert 19.03.2025*).

Det er også utarbeidd program for overvaking av sediment og vatn før, under og etter tiltak. Det er i overvakingsprogrammet lagt opp til undersøkingar kvart 5. år både for det nye utsleppspunktet og eksisterande utsleppspunkt. Dette er ein normal frekvens for overvaking i resipient, og Statsforvaltaren godtar at slik overvaking blir utført kvart 5. år. Ved endring i overvakingsprogrammet skal Statsforvaltaren ha dette tilsendt i god tid før undersøkingane skal gjennomførast.

4 Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyver etter forureiningslova.

Vi gir løyve til tildekking og reduksjon i vassinntrenging i deponiet, som vil føre til betring av forureiningssituasjonen. Statsforvaltaren vurderer difor at tiltaket ikkje treng førehandsvarsling jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd bokstav b.

5 Klagerett

Bremanger kommune og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør grunngjevast.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart mottatt. Ein eventuell klage skal sendes til Statsforvaltaren.

Med helsing

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

ASPLAN VIAK AS AVD LEIKANGER	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
MARITH ANITA NIGARDSØY	Bøgardsvegen 53	6814	FØRDE

Statsforvaltaren i Vestland

Løyve til avslutningstiltak og krav til etterdrift av Trongesundet deponi i Bremanger kommune

Løyve til avslutningstiltak er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16. Krav i samband med etterdrift er gitt i medhald av forureiningslova § 20 andre ledd, og er utforma for minst å tilfredsstille dei generelle krava etter § 9-15 og vedlegg III i kap. 9 i avfallsforskrifta.

Krava er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i miljøtekniske undersøkingar og tiltaksplan for Trongesundet deponi av 16. juni 2026, og opplysningar framkome under behandlinga av saka.

Nøkkeldata

Driftsansvarleg	Bremanger kommune
Postadresse	Postboks 104, 6721 Svelgen
Org. nummer	974 775 492 eigd av 959 318 166
Gards- og bruksnr.	32/2
Stad	Trongesundet deponi
Kommune og fylke	Bremanger i Vestland
Lokalisering	UTM sone 32, aust: 285600, nord:6857030
Næringskode og bransje	84.130 Offentleg administrasjon tilknytt næringsverksemd og arbeidsmarknad

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2026.0866.T	4648.0013.01	2026/8436

Løyve gitt første gong:	Løyve sist revidert med heimel i fl § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra:
19.10.2026		

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar

1 Rammer

1.1 Generelt

Deponidrifta vart avslutta for om lag 30 år sidan. Det er deponert om lag 6 000 m^3 avfall på om lag 4 950 m^2.

Krava gitt i dette løyvet gjeld for Trongesundet deponi, og gjeld både avslutningsfasen og etterdriftsfasen.

Deponiet skal vere endeleg avslutta innan 30.06.2028.

1.1.1 Avslutningsfasen

Avslutningsfasen er tida frå all deponering av avfall er avslutta og fram til deponiet er dekka til i samsvar med krava i dette løyvet. Avslutningsfasen er ikkje er ikkje avslutta før Statsforvaltaren har gjennomført ein sluttinspeksjon på staden, og skriftleg gitt tilbakemelding på at krava for avslutning er oppfylt.

1.1.2 Etterdriftsfasen

Etterdriftsfasen er tida frå godkjent avslutning og fram til det tidspunkt deponiet etter Statsforvaltarens vurdering ikkje lenger kan medføre skadeverknader på miljøet og menneskjer si helse.

2 Generelle krav

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

Sjølv om driftsansvarleg held krava i forureiningsregleverket, skal driftsansvarleg arbeide kontinuerleg for å hindre at forureining oppstår eller aukar, og for å avgrense at forureining skjer.

For å unngå og/eller avgrense forureining skal den driftsansvarlege ta utgangspunkt i den teknologien som ut frå ei samla vurdering av miljø og økonomiske forhold gir dei beste resultata, jf. forureiningslova § 2.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal driftsansvarleg sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal dokumenterast.

2.3 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale klimatiske forhold, tiltak på deponiet eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar driftsansvarleg å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren.

Den ansvarlege skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare.

2.4 Internkontroll

Driftsansvarleg pliktar å etablere internkontroll for avslutning- og etterdriftsfasen i samsvar med gjeldande forskrift[1]. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at driftsansvarleg held alle krav gitt i dette løyvet og forureiningslova med relevante forskrifter. Den driftsansvarlege pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Driftsansvarleg skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoforhold.

For alle anlegg som er regulert med krav i dette dokument, som oppsamlingssystem og eventuelt reinseanlegg for sigevatn, overvassystem, gassdreneringslag, prøvetakingskummar og utsleppsleidning, skal det finnast oppdaterte prosedyrar for drift, vedlikehald, oppfølging og kontroll, med oppdaterte teikningar og skildringar som viser anleggas plassering og korleis anlegga er bygd. Det skal regelmessig førast driftsjournal for alle anlegg.

2.5 Bruk av underoperatørar

Dersom driftsansvarleg vel å gjennomføre avslutning og etterdrift ved bruk av underoperatør, er den driftsansvarlege likevel ansvarleg for at krava til avslutning og etterdrift av deponiet blir følgt. Driftsansvarleg er òg ansvarleg for all rapportering til Statsforvaltaren.

2.6 Restriksjonar på arealbruk

Driftsansvarleg skal sørge for nødvendig tilgang til deponiet og overflata for å etterleve vilkåra for etterdrift, inkludert kartlegging, overvaking, vedlikehald, oppgradering og utbetring av arrondering, toppdekke og anlegg for overvatn og sigevatn.

Driftsansvarleg skal sørge for at deponiets arealmessige utstrekning er merka av på kart. Tiltaksplan og prøvepunkt skal registrerast i databasen Grunnforureining (lokalitet 4357 Trongesundet avfallsplass).

Byggje- og gravearbeid på deponiet kan ikkje finne stad utan at Statsforvaltaren i Vestland er varsla og har gitt løyve til slikt arbeid.

[1] Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)

Statsforvaltaren skal varslast dersom faktisk bruk av eigedommen blir vesentleg endra.

3 Avslutningsfasen

3.1 Krav til graving i deponiet og terrengarrondering

Graving i deponiet ved nedsetting av slamavskiljar skal gjennomførast så raskt som mogleg og ved lite nedbør. Avrenning frå gravemassane skal ledast tilbake til gravegropa. Oppgrove avfall skal leverast til godkjent mottak.

Deponiets overflate og omkringliggande areal skal vere utforma på ein slik måte at overvatn i størst mogleg grad blir ført vekk frå deponiet. Dette gjeld òg etter at delar av deponiet har sett seg. Deponiets overflate bør ha eit fall på minimum 3 prosent etter setningar. Der dette ikkje er mogleg, skal det etablerast eit overvassystem som fører vatnet ut av deponiområdet.

3.2 Krav til toppdekke

Toppdekke er her ei felles nemning for dei lag med massar eller membranar som blir lagt oppå avfallet etter at deponeringa er avslutta. Utforminga av toppdekket skal sikre mot erosjon og så langt råd verte tilpassa framtidig tiltenkt bruk av arealet. Graving i etablert toppdekke eller i deponert avfall er ikkje tillate utan etter særskilt løyve.

Oppbygging av toppdekke skal sikre at

- deponert avfall varig vert liggande under toppdekke utan å kome i konflikt med tiltenkt etterbruk,
- overvatn frå deponiområdet vert leia til oppsamlingspunkt og vidare mot sjø

Funksjon	**Materiale**	**Tjukkleik/tettheit**	**Merknad**
Vekstlag	Matjord Jord/stein	25 cm 75 cm	Reine naturlege massar under normverdi i forureiningsforskrifta kap. 2 vedlegg 1
Dreneringslag	Grus/pukk	50 cm	Reine naturlege massar under normverdi i forureiningsforskrifta kap. 2 vedlegg 1
Beskyttelseslag	Sand		
Kunstig membran	Bentonitt	$K < 1 \times 10^{-9}$ m/s	Skal leggast over avfallet, i overvassgrøftene og som tetting inn mot fjell
Gassdreneringslag	Sand	Samanhengande lag frå avfall til topp	Reine naturlege massar under normverdi i forureiningsforskrifta kap. 2 vedlegg 1. Skal etablerast på to område på 40 x 2 meter
Avrettingslag	Største kornstorleik i toppen i samsvar med spesifikasjonen for membranen		

Det det er nødvendig skal geomembranar eller tilsvarande leggast for å hindre samanblanding av laga og sikre at lagstrukturen over tid.

3.3 Krav til handtering av overvatn

Det skal etablerast avskjerande drensgrøfter for å hindre innsig av overflatevatn frå omliggande areal, og eit overvassystem som leiar mest mogleg av overvatnet bort frå deponiet. Reint overvatn skal så langt råd skiljast frå sigevatn og leiast frå oppsamlingspunkt mot sjø utanom sigevassystemet.

3.4 Krav til sigevassoppsamling

På grunnlag av deponiets eigenskapar og meteorologiske forhold på staden, skal det treffast nødvendige tiltak for å:

a) Ha kontroll med inntrenging av over-/grunnvatn i deponiet
b) Samle opp forureina overvatn og sigevatn
c) Behandle alt forureina vatn som blir samla opp, dersom det er nødvendig for å oppnå forsvarleg utsleppskvalitet
d) Hindre utslepp av sigevatn til overvassystemet

Det skal gjennomførast utbetring, oppgradering og vedlikehald av sigevassoppsamlinga, inkludert sigevassleidningar og kummar etter ein plan, slik at krava ovanfor blir stetta. Nødvendige utbetringar må gjennomførast utan ugrunna opphald for å stoppe eller hindre mellom anna tilstoppingar, brot eller overfløyming.

3.5 Krav til sigevassbehandling

Forureina vatn og sigevatn som blir samla opp, skal behandlast dersom dette er nødvendig for å oppnå forsvarleg utsleppskvalitet.

Alt sigevatn skal samlast opp så langt som praktisk mogleg og pumpast ut av Trongesundet mot vest med utslepp i fjorden på over 25 meters djupne nordaust for nordaust for Gildreneset i Oldersundet.

Innan 1. juni 2029 skal det sendast ein vurdering til Statsforvaltaren om det skal setjast i verk ytterlegare reinsing av sigevatnet før utslepp til fjorden. Følgjande skal inngå:

- Vurdering av dagens utslepp av miljøgifter, næringssalt og organisk stoff
- Kost/nytte vurdering av moglege reinsetiltak
- Mogleg lokalisering av lokalt reinseanlegg
- Når eventuell lokal reinsing vere klar
- Vurdering av korleis sigevatnet påverkar resipienten utan lokal reinsing

Statsforvaltaren kan stille meir konkrete krav om reinsing dersom deponiets overvakingsresultat viser at det er nødvendig for å oppnå forsvarleg utsleppskvalitet.

3.6 Deponigass

Det skal etablerast to gassdreneringslag på 40 x 2 meter, plassert på høgste punkt i deponiet, for kontrollert utlufting av gass.

3.7 Drift av anlegg og tekniske installasjonar

Alle anlegg og tekniske installasjonar skal driftast og vedlikehaldas slik at desse ikkje representerer nokon fare for menneskje og natur.

Vegar og leidningsnett skal sikrast slik at sigevatn ikkje blir ført ut av deponiområdet, men fram til eventuelle behandlingsanlegg.

Sigevassanlegg og andre anlegg knytt til etterdrift av deponiet skal sikrast slik at uvedkomande ikkje har tilgang.

3.8 Dokumentasjon

Driftsansvarleg skal ha oppdatert dokumentasjon av:

- Eigedomskart
- Teikningar av installasjonar og anlegg for overvatn, sigevatn og gass
- Plassering av målepunkt for overvatn, grunnvatn og sigevatn
- Plan for drift og vedlikehald av anlegg og tekniske installasjonar som utbetring av toppdekke, overvassystem, gassdreneringslag, sigevassanlegg, slamavskiljar og eventuelt framtidig reinseanlegg

4 Førebygging og beredskap mot forureining

4.1 Miljørisikoanalyse

Driftsansvarleg skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse. Resultata skal vurderast med sikte på akseptabel miljørisiko. Potensielle hendingar som kan føre til forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal omfatte alle forhold ved avslutning/etterdrift som kan føre til forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området eller utanfor. Ved endra forhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvær, flaum og framtidige klimaendringar.

4.2 Førebyggande tiltak

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal driftsansvarleg, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å redusere miljørisikoen til eit akseptabelt nivå. Dette gjeld både sannsyns- og konsekvensreduserande tiltak. Driftsansvarleg skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

4.3 Etablering av beredskap

Driftsansvarleg skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei gjennomførte risikovurderande tiltaka, etablere og vedlikehalde ein beredskap for å hindre, oppdage og stanse akutt forureining frå deponiet og tilhøyrande anlegg. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som etterdrifta representerer og dokumenterast i ein beredskapsplan.

5 Krav til kontroll og overvaking i etterdriftsfasen

5.1 Kontroll- og overvakingsprogram

Driftsansvarleg skal ha eit kontroll- og overvakingsprogram for deponiets sigevatn, overflatevatn og grunnvatn i samsvar avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg III og Miljødirektoratets rettleiar for å handtere sigevatn frå deponi[2] .

Oppdatert kontroll- og overvakingsprogram skal inngå i internkontrollen. Eventuelle endringar i programmet må avklarast med Statsforvaltaren.

5.2 Lagring av informasjon

Driftsansvarleg skal ta vare på all dokumentasjon frå kontroll og overvaking. Opplysningane skal lagrast i heile etterdriftstida, og skal vere tilgjengeleg ved kontroll eller på førespurnad frå Statsforvaltaren.

5.3 Kontroll av toppdekke og setningar

Toppdekket skal kontrollerast og utbetrast for setningar, sprekkar, hol og erosjon minimum ein gang i året.

5.4 Kontroll av overvatn

Overvassleidningar, overvasskummar og overvassgrøfter skal kontrollerast minst to gongar i året.

Overvatnet skal overvakast ved regelmessig prøvetaking oppstrøms og nedstrøms deponiet i samsvar med fastsett kontroll- og overvakingsprogram.

Overvakinga skal dokumentere eventuelle lekkasjar av sigevatn til Trongesundet.

5.5 Kontroll av sigevatn

Sigevassleidningar og kummar skal kontrollerast minimum ein gong i året.

Sigevassmengda skal registrerast kontinuerleg. Sigevatnets innhald av forureinande komponentar skal overvakast ved regelmessig prøvetaking av innløp og utløp til

[2] Veileder: Håndtere sigevann fra deponi sist oppdatert 19.03.2025

slamavskiljar/reinseanlegg i samsvar med fastsett kontroll- og overvakingsprogram. Fullt overvakingsprogram skal gjennomførast kvart femte år, også for parameterar som ikkje tidlegare har vore påvist.

5.6 Overvaking av resipient

Effekt av utslepp nordaust for Gildreneset i Oldersundet skal overvakast regelmessig.

5.7 Krav til kontrollmålingar, analyse og registrering i databasar

All måling, prøvetaking og analyse skal gjennomførast etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard brukast. Prøver skal analyserast av akkrediterte laboratorium.

Statsforvaltaren kan krevje endra omfang av måleparameterar og endra målefrekvens ved behov.

Data frå overvaking av vatn, inklusiv sediment og biota, skal registrerast i databasen Vannmiljø. Data skal leverast på importformatet til Vannmiljø, som er å finne på http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no. Her finst også oversikt over kva informasjon som skal registrerast etter Vannmiljø sitt kodeverk.

6 Rapportering

Driftsansvarleg skal innan 1. mars kvart år rapportere frå førre år via www.altinn.no. Rapportering skal skje etter Miljødirektoratets rettleiar til bedriftenes eigenkontrollrapportering.

Som vedlegg til eigenkontrollrapporten på Altinn skal det være en rapport som minst skal innehalde følgande:

- Oppdatert kontroll- og overvakingsprogram
- Samanstilling og vurdering av kontroll- og overvakingsresultat siste år
- Oversikt over gjennomførte tiltak siste år og planar for utbetring og oppgradering av
    - setningar, terrengarrondering og toppdekke
    - overvassystem
    - sigevassoppsamling og sigevassanlegg
    - gassdreneringslag
- Oppsummering av eventuelle avvik og klager innan ytre miljø

7 Avslutning av etterdrift

Når resultatet av kontroll- og overvakingsprogrammet viser at deponiet ikkje lenger kan føre til nemneverdig skade eller ulempe for menneske eller miljø, kan driftsansvarleg søkje Statsforvaltaren om å avslutte etterdrifta.

Ved søknad om avslutning av etterdrift skal følgande dokumentasjonen sendast Statsforvaltaren:

1. Oppsummering av analyseresultat og rapporteringsdata for dei fem siste åra.
2. Oversikt som viser gjennomførte avslutnings- og etterdriftstiltak.
3. Risikovurdering av deponiet sin påverknad på menneske og nærmiljøet og faren for framtidige hendingar som kan påverke miljøet og menneske.
4. Omtale av tiltak for å avslutte etterdrift (riving av anlegg, fjerning av infrastruktur og gjerde, oppfylling, planting o.l.).
5. Revidert reguleringsplan med nærare føresegner dersom det har skjedd endringar i etterdriftsperioden.

Risikovurdering må gjennomførast av uavhengig tredjepart med kompetanse innan forureina grunn.

Statsforvaltaren skal ha høve til å inspisere og vurdere anlegget, og må godkjenne dokumentasjon før etterdrift kan avsluttast.